



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Planprogram

Regional plan for kultur



Regional plan for kultur - planprogram

Innhald

1.	Innleiing.....	2
2.	Bakgrunn og formål.....	2
3.	Rammer for planarbeidet	3
3.1	Internasjonale føringar	4
3.2	Nasjonale føringar	5
3.3	Regionale føringar	6
3.4	Lokale føringar.....	6
4.	Status.....	6
5.	Mål	8
5.1	Overordna mål	8
5.2	Hovudmål.....	8
5.2.1	Kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn.....	8
5.2.2	Fylket skal ha regionale, nasjonale og internasjonale kraftsenter/fyrtårn.	8
6.	Plantema.....	8
6.1	Kulturelle ressursar og verdiskaping	9
6.1.1	Kulturell infrastruktur	10
6.1.2	Kulturarven.....	10
6.1.3	Kunstproduksjon og formidling	11
6.1.4	Kulturelle kraftsenter/fyrtårn.....	11
6.2	Deltaking og oppleving	11
6.2.1	Tidleg engasjement.....	12
6.2.2	Mangfald og fellesskap	12
7.	Planstruktur	13
8.	Organisering, medverknad, prosess og framdriftsplan.....	13
8.1	Organisering av planarbeidet.....	13
8.2	Medverknad	14
8.3	Prosess og framdriftsplan	14
8.3.1	Framdriftsplan	15

1. Innleiing

Planprogrammet legg til grunn at Regional plan for kultur skal ha kultur for alle som overordna mål. Planen skal handle om korleis kulturfeltet kan bidra til å skape gode lokalsamfunn og legg vekt på betydninga av å nytte ut og vidareutvikle kulturelle kraftsenter i fylket. To hovudtema er peika ut: Under det første, kulturelle ressursar og verdiskaping, vil planen dreie seg om kulturell infrastruktur, kulturarv og produksjon og formidling av kunst og kultur. Ei viktig problemstilling her er òg korleis vi i større grad kan få ringverknader av fyrtårna på kulturfeltet og gjennom dei stimulere til ny aktivitet.

Hovudtemaet deltaking og oppleving handlar om korleis vi kan målrette arbeidet for å nå prioriterte målgrupper. Å leggje til rette for tidleg engasjement er grunnleggande for å gi alle barn og unge reelle moglegheiter til å delta i kulturaktivitetar. Planen vil vidare ha som tilnærming at ulikskap kan vere ein ressurs som bidreg til mangfald og fellesskap.

Nynorsk språk er grunnleggande for identiteten vår i Sogn og Fjordane, og språkpolitiske problemstillingar vil ha ein sentral plass i kulturplanen.

Digitaliseringa endrar kvardagen på mange måtar, også på kulturfeltet. Kulturplanen vil ta opp i seg problemstillingar og moglegheiter som følgjer av digitaliseringa.

Kulturplanen byggjer på eit vidt kulturomgrep, der fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er integrerte delar.

Gjennom planprosessen skal vi førebu oss på å gå inn i ei regionreform. Vi skal identifisere kva vi er sterke på i Sogn og Fjordane og såleis kan byggje vidare på, og samstundes peike på område vi har behov for å styrkje. Planen skal svare på utfordringane som er definerte i Regional planstrategi 2016 – 2020, gi retning for kulturarbeidet i regionen og definere regionale satsingsområde som er relevante for kommunane, institusjonane og organisasjonane.

I planprosessen skal aktørar frå frivillig, offentleg og privat sektor involverast gjennom styringsgruppa og arbeidsgrupper, fagsamlingar eller seminar, dialogmøte, konferansar og formelle høyringar. Det vil bli lagt vekt på å få innspel også frå politikarane i kommunane og å sikre tilknytning til aktuelle FoU-miljø.

Planperioden blir foreslått å vere frå 2019 til 2027, og det vil bli utarbeidd fireårige handlingsprogram og årlege handlingsplanar.

2. Bakgrunn, formål og utfordringar

Fylkestinget vedtok i Regional planstrategi 2016 - 2020 (RPS) at det skal utarbeidast ein regional plan for kultur. Planprosessen skal gjennomførast i 2017 og 2018, og planen skal gjelde frå 2019.

Planarbeidet skal skje i tråd med Plan - og bygningslova sine reglar, §§ 8-1 til 8-4. Lova slår fast at «Regional plan skal legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen» (Plan- og bygningslova § 8-2). Fylkeskommunen sitt mynde til å utarbeide regionale planar utifrå planstrategien er delegert til fylkesutvalet.

Regionale planar omhandlar komplekse saksområde og har krav om breie prosessar med medverknad frå mange hald. I planarbeidet må det leggest til rette for samarbeid med kommunane og statlege regionale styresmakter, og for kulturplanen også med kulturinstitusjonane, frivillige lag og organisasjonar og private aktørar.

RPS peikar på følgjande hovudutfordringar for Sogn og Fjordane:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og inkludering

- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimaendringane

Kulturområdet er særskilt nemnt under målbiletet pkt. 5-7 som dreier seg om utdanning, inkludering og folkehelse. Ynskte effektar er m. a. tenester av høg kvalitet, godt omdøme, utjamning av sosiale skilnader, høg trivsel og livsmeistring. Sogn og Fjordane skal vere eit attraktivt og godt fylke å bu og leve i, arbeide i og besøke, og fylket skal ha kulturopplevingar som gir eit rikare liv og byggjer identiteten vår. Kvinneunderskotet skal reduserast.

Behovet for å utarbeide ein kulturplan for fylket er i RPS spesifikt grunnlagt mellom anna under punktet migrasjon og inkludering. Det blir der understreka at arbeidsinnvandrarar, flyktningar og tilflyttarar generelt skal oppleve å vere ein del av samfunnslivet der dei bur, og at kultur- og fritidstilbod som legg til rette for gode møteplassar er viktige bidrag i dette arbeidet. Fylkeskommunen si rolle er å medverke til eit godt samspel mellom profesjonelle og frivillige aktørar.

Når det gjeld klimaendringane, vil RPS at òg kulturell og kreativ næring skal utfordrast til å bidra til omstilling.

Generelt vert det avgjerande å sjå alle faktorar som byggjer opp om ein bu-, arbeids- og sørvisregion (BAS-område) i samheng i planleggingsprosessen. Utfordringane globalisering og sentralisering og verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet handlar i stor grad om å skape sterke nok BAS-område, med variert næringsstruktur og arbeidsmarknad, forhold for å etablere seg, gode skular og barnehagar, og eit rikt kulturtilbod.

Kulturfeltet vil kunne stimulere til innovasjon og nytenking, kunnskapsdanning, personleg vekst og trivsel, og til å byggje identitet og samhøyrighet. Såleis er det relevant å drøfte kulturtema opp mot alle utfordringane i regional planstrategi.

Ambisjonen for planen må vere å løfte kulturfeltet og gi retning for kulturarbeidet i regionen. Vi må gjennom planarbeidet skaffe oss brei oversikt over feltet og identifisere kva vi er gode på og såleis kan byggje vidare på, og kva område vi har behov for å styrkje. Ei sentral oppgåve blir å finne fram til regionale satsingsområde som er relevante for kommunane. Gjennom planarbeidet må vi òg finne fram til felt der vi treng vidare arbeid med regionale fagplanar. Telemarksforskning peikar i sine kulturindeksar på utfordringar, spesielt for kommunane i Sogn og Fjordane. Det blir viktig å drøfte korleis vi kan møte desse utfordringane.

Gjennom planprosessen skal vi dessutan førebu oss på å gå inn i ei regionreform. Planen må difor i nokon grad dreie seg om berøringspunkt og samhandling med Hordaland fylkeskommune. I prosessen og ferdig plan må vi halde oss til statlege føringar og nasjonal politikk på kulturområdet. Det blir viktig å følgje tett arbeidet med ny kulturmelding.

Styringsgruppa er oppteken av at planen skal ta opp tema med tiltak på område der partnerskapen har reell påverknad. Andre tema, til dømes saker av rikspolitiske dimensjonar, bør løftast som «politiske problemstillingar». Slike tema kan seinare danne grunnlag for politiske saker der det regionale nivået sender tydelege synspunkt til sentrale styresmakter.

3. Rammer for planarbeidet

Til grunn for planarbeidet ligg plan- og bygningslova og internasjonale, nasjonale, regionale og lokale føringar. Lover og forskrifter på kulturfeltet, stortingsmeldingar og rapportar gir rammer for arbeidet. Utgreiingar, statistikk og analysar på utvalde områda vil vere del av kunnskapsgrunnlaget.

3.1 Internasjonale føringar

FNs konvensjon om barnets rettar (Convention on the Rights of the Child, 1989, ratifisert av Noreg 1991) slår fast at barn har rett til kvile, fritid og leik og til å ta del i kunst og kulturliv. Barn skal ha ytringsfridom og tanke-, samvits- og religionsfridom. Funksjonshemma barn har rett til å leve eit fullverdig liv.

FNs konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (Convention on the Rights of Persons with Disabilities 2006, ratifisert av Noreg 2007) har som hovudformål å sikre personar med nedsett funksjonsevne like moglegheiter til å realisere sine menneskerettar, og å byggje ned hinder som gjer dette vanskeleg.

UNESCOs konvensjon om vern og fremje av eit mangfald av kulturuttrykk (Convention on the Protection and Promotion of the Diversity of Cultural Expressions 2005, ratifisert av Noreg 2006) understrekar at eit kulturelt mangfald som får utfalde seg i eit klima med demokrati, toleranse, sosial rettferd og gjensidig respekt mellom folk og kulturar, er nødvendig for fred og tryggleik på lokalt, nasjonalt og internasjonalt plan.

UNESCOs konvensjon om vern av verdas kultur- og naturarv (Convention for the Protection of the World Cultural and Natural Heritage frå 1972, ratifisert av Noreg 1977) omhandlar vern av den materielle kulturarven. Konvensjonen er ein global avtale som forpliktar partslanda til å identifisere, verne, bevare, formidle og overføre til framtidige generasjonar den del av verdsarven som måtte finnes på eige territorium. Konvensjonen oppmodar alle land til å fremje vern av kultur- og naturarv på generelt grunnlag.

UNESCOs konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven gjennom (Convention for the Safeguarding of the Intangible Cultural Heritage 2003, ratifisert av Noreg i 2006), skal sikre bevaring og respekt for den immaterielle kulturarven. Konvensjonen definerer immateriell kulturarv som talespråk, munnlege tradisjonar og uttrykk, utøvande kunst, sosiale skikkar, ritual og høgtidsfestar, kunnskap og praksis som gjeld naturen og universet og tradisjonelt handverk.

UNESCOs folkebibliotekmanifest (The Public Library Manifesto 1994) understrekar at biblioteket er ei levande kraft for utdanning og kultur. *IFLAs og UNESCOs fleirkulturelle bibliotekmanifest (IFLA/UNESCO Multicultural Library Manifesto, International Federation of Library Associations and Institutions 2006, UNESCO 2009)* slår fast prinsippa om at biblioteka skal gi informasjon på relevante språk og tilgang til eit variert spekter av materiell og tenester.

UNESCOs verdserklæring om arkiv (Universal Declaration on Archives, International Council on Archives 2010, UNESCO 2011) anerkjenner arkiva som autentisk dokumentasjon og som spegelbilde av samfunnsutviklinga. Arkiv er nødvendige m.a. for å syte for effektivitet, ansvar og transparens, for å etablere individuelt og kollektivt minne og for å forstå fortida og å dokumentere notida.

UNESCOs internasjonale charter for kroppsopplæring, fysisk aktivitet og idrett (International Charter of Physical Education, Physical Activity and Sport, UNESCO 1978) slår fast at alle menneske har ein grunnleggjande rett til å utøve fysisk aktivitet og idrett. Fysisk aktivitet og idrett kan gi ei rekkje positive ringverknader både individuelt, i lokalsamfunnet og i storsamfunnet.

Den europeiske landskapskonvensjonen (European Landscape Convention, 2004) har som formål å verne, forvalte og planleggje landskap. Formålet med konvensjonen er å verne, forvalte og planlegge landskap. Konvensjonen omfattar alle typar landskap: by- og bygdelandskap og kyst- og fjellandskap.

3.2 Nasjonale føringar

Kulturlova (2007), mållova (1980), biblioteklova (1985), kulturminnelova (1978), arkivlova (1992), åndsverklova (1961), opplæringslova (1997), friluftslova (1957) og pengespellova (1993) regulerer kvar sine område på kulturfeltet.

Kulturutredningen 2014 gjorde opp status etter kulturpolitikken frå 2005, Kulturløftet 1 og 2. Utgreiinga viser at det hadde vore omfattande satsing på kulturhus, idrettsanlegg og utvikling av festival- og eventkulturen i perioden. Samstundes peika utgreiinga på at den kulturelle grunnmuren, mellom anna folkebiblioteka, kulturskulen og ungdomsklubbane, har sakka akterut. Utgreiinga tek difor til orde for eit lokalt kulturløft.

St.meld. nr. 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste gir oversikt over status, utviklingstrekk og utfordringar for kulturminneforvaltninga fram mot 2030. Meldinga set som mål å sikre at eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø vert freda og halde ved like framover. *St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner* understrekar betydninga av kulturminne og kulturmiljø som kjelder til kunnskap og opplevingar, for utviklinga av lokalsamfunn og for verdiskaping i næringslivet.

Den kulturelle skulesekken har *St.meld. nr 8 (2007-2008) Kulturell skulesekk for framtida* som retningsgivande. Her får fylkeskommunane eit særleg ansvar for å tilby kommunane kunst- og kulturproduksjonar av høg kvalitet. Alle fylkeskommunar har eit ansvar for tilbod også på og om nynorsk i skulesekken.

Biblioteklova vart revidert i 2013, og i føremålsparagrafen er no biblioteket si rolle som møteplass og formidlings- og debattarena understreka. *Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018* legg vekt på at biblioteka i endå større grad enn tidlegare må satse på digitalisering, og framhevar samstundes formidlings- og møteplassfunksjonen. I *St.meld. nr. 23 (2008-2009) Bibliotek – Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid* var m.a. omstilling, demokrati og ytringsfridom tema.

St.meld. nr. 24 (2008-2009) Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv skisserer ein strategi for å bevare kulturarv og å gjere denne tilgjengeleg for flest mogleg. Meldinga legg til grunn at samlingane i arkiv, bibliotek og museum i aukande grad skal formidlast ved bruk av IKT. *St.meld. nr. 7 (2012-2013) Arkiv* er den første meldinga som femner om det samla arkivfeltet i statleg, kommunal og privat sektor.

For musea er *St.meld. nr. 49 (2008-2009) Framtidas museum. Forvaltning, forskning, formidling, fornying* retningsgivande. Musea skal forvalte kulturarven og samlingane for ettertida, skaffe ny kunnskap gjennom forskning, drive formidling tilpassa aktuelle målgrupper og nye medium, og fornye seg kontinuerleg for å sikre profesjonelle, effektive og teknologisk oppdaterte verksemder.

St.meld. nr. 10 (2011–2012) Kultur, inkludering og deltaking slår fast at kulturinstitusjonane skal bidra til at alle innbyggjarar kan delta i kulturlivet på like vilkår. Demokrati, tilhøyrsløse og mangfaldige kulturuttrykk er sentrale punktar.

St.meld. nr 26 (2011 --2012) Den norske idrettsmodellen skildrar satsingsområde for den statlege idrettspolitikken. Anlegg for idrett, eigenorganisert fysisk aktivitet og friluftsliv er prioritert. Det skal skapast gode rammer for den organiserte idretten, satsast meir på ungdomsidrett og leggst opp til målretta satsing for å nå inaktive.

I *St.meld. 18 (2015–2016) Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet* er målet at fleire får oppleve friluftsliv som ei kilde til betre helse og høgre livskvalitet. Tiltak og føringar for å motivere og rekruttere til friluftsliv er lista opp, og det er foreslått tiltak for forvaltning av område for friluftsliv. Friluftsliv i nærmiljøet er prioritert, og det er lagt særleg vekt på målgruppa barn og unge.

I *St.meld. nr. 35 (2007-2008) Mål og mening - ein heilskapleg norsk språkpolitikk* er det overordna målet å styrkje norsk som fullverdig, samfunnsberande språk og å vareta dei språklege rettane til kvar enkelt språkbrukar. Det skal leggast til rette for likestilling mellom bokmål og nynorsk, det framandspråklege kompetansebehovet og den nordiske språkfelleskapen.

Frivilligerklæringa frå 2015 trekkjer opp grunnleggjande prinsipp og overordna mål for samspelet mellom regjering, statlege styresmakter og frivillig sektor. Formålet med erklæringa er å bidra til at staten fører ein heilskapleg frivilligpolitikk som skaper føreseielege vilkår for frivillig sektor.

Regjeringa sette våren 2017 i gang arbeidet med ei ny stortingsmelding om kultur. Meldinga skal vere ferdig i 2019. Signala som kjem i samband med dette arbeidet vil ha betydning for utforming av kulturplanen for Sogn og Fjordane. Det vart i 2017 òg starta opp arbeid med ei ny melding om frivilligheit.

3.3 Regionale føringar

Regional plan for kultur avløyser *Kulturstrategi for Sogn og Fjordane 2015-2018*.

Fagområda fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv går inn i Regional plan for kultur. Vedteken festivalstrategi blir innarbeidd planen.

Kulturplanen vil ha med seg aktuelle perspektiv frå *Regional plan for folkehelse 2015-2025*.

Generelt er det viktig å sikre kontakt mellom parallelle planprosessar, til dømes mellom kulturplanen og *Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling*. Tema knytte til kulturell og kreativ næring (KKN) vil bli handsama i kulturplanen.

Det vil i planarbeidet vere interessant å sjå på dei andre vestlandsfylka si tilnærming til regionalt kulturarbeid. Særleg relevant er Hordaland fylkeskommune sin regionale plan for kultur 2015-2025.

3.4 Lokale føringar

I planarbeidet blir det viktig å ta omsyn til rammer fastsette i kommunale planar og retningslinjer. Regional plan for kultur vil i neste omgang gi føringar når fylkeskommunen gir uttale om kommunale planstrategiar og planar.

Alle kommunane i Sogn og Fjordane har kommuneplan som omhandlar fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Dette er eit krav for å motta spelemidlar til anlegg.

4. Status

Som del av planarbeidet har vi søkt å skaffe oss ei oversikt over status på kulturfeltet i Sogn og Fjordane. Arbeidet må halde fram, men vi har fått kartlagt ein del særlege styrkar og utfordringar på kulturfeltet i fylket.

Telemarksforskning har utarbeidd særreportar av *Norsk kulturindeks 2016 og 2017* for Sogn og Fjordane (2016-rapporten: <http://www.sfj.no/regional-plan-for-kultur.422941.nn.html>), 2017-rapporten vil òg bli tilgjengeleg på sfj.no). Sogn og Fjordane blir samanlikna med fire utvalde fylke: Telemark, Hordaland, Møre og Romsdal og Nord-Trøndelag samt landsgjennomsnittet.

Norsk kulturindeks 2017 for Sogn og Fjordane syner at fylket vårt kjem bra ut i kategoriane konserttilbod, frivillig arbeid, kulturskule og DKS. Vi har eit relativt godt tilbod når det gjeld scenekunst, og bibliotekbesøket ligg over landsgjennomsnittet. Kinotilbodet og kinobesøket i fylket ligg derimot litt under gjennomsnittet for landet samla. Museumsbesøket ligg vesentleg under. Det

er få kunstnarar i Sogn og Fjordane samanlikna med andre fylke, og det er etter måten få kulturarbeidarar i fylket som jobbar med kunstnarisk produksjon og kulturformidling.

Sogn og Fjordane plasserer seg på ein 12. plass blant landets fylke i 2017-indeksen. Hordaland fylke kjem ut på ein 2. plass. Dei 26 kommunane i Sogn og Fjordane spreier seg over heile skalaen. Førde ligg høgst av kommunane i fylket som nr. 14 i landsoversikta.

Relevant informasjon finn vi òg i *Ungdata 2017*, ei undersøking frå Kompetansesenter Rus - Region Vest Bergen og Bergenslinikkene om korleis unge i ungdomsskulen og vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane vurderer nettverk, lokalmiljø, fritidsaktivitetar, skule, framtida m.m. (<http://www.sfj.no/ungdomane-trivst-godt-i-fylket.6010755-339466.html>). Undersøkinga viser m.a. at dei fleste ungdommane er nøgde med nærmiljøet sitt og opplever det som trygt. Sju av ti meiner dei vil få eit godt og lukkeleg liv. Dei aller fleste trivst på skulen, men det er òg nokre som oppgir at dei kvir seg til skuledagen. Ikkje uventa brukar ungdommane mykje tid framfor data- eller TV-skjermen. Det er flest jenter som trur dei vil ta høgare utdanning.

Nynorsk språk står sterkt i Sogn og Fjordane. Her nyttar alle kommunane nynorsk som tenestemål, og 98 % av elevane i grunnskulen er nynorskbrukarar (2015). Dei største nynorskavisene ligg i Sogn og Fjordane, og Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter sender frå seg journalistar med særleg kunnskap om bruk av nynorsk i media. I *Språkstatus 2017* framhevar Språkrådet digitalisering, medierøynd og arbeidsmarknad som tre kritiske område for norsk språkpolitikk. At offentlege og kyrkjelege institusjonar brukar nynorsk gir status og stabilitet. Det offentlege produserer mykje tekst og er såleis viktig for å sikre eit levande nynorsk språkfelleskap. Ei viktig oppgåve i det vidare planarbeidet vil vere å sjå på korleis vi gjennom satsing på kultur kan byggje opp under nynorsk som aktivt bruksspråk, og i kunstnerisk og kulturell produksjon og formidling.

Innanfor området idrett og fysisk aktivitet er anleggsdekkinga i Sogn og Fjordane god, og kommunane har gode planar for anlegg. Sogn og Fjordane har etter ei målretta satsing over fleire år høg utteljing på tildeling av spelemidlar. Forum for natur og friluftsliv, Forum for fysisk aktivitet, Sogn og Fjordane idrettskrins og fylkeskommunen samarbeider planmessig om utvikling av aktivitet i kommunane.

I dialogmøte med partnerskapen 23.08.17, med vel 60 deltakarar, vart betydinga av politisk forankring av planen framheva (<http://www.sfj.no/regional-plan-for-kultur.422941.nn.html>). Det vart peika på at planen må leggje til rette for å vidareutvikle kulturell infrastruktur i fylket, og å byggje opp kulturarenaer og møteplassar. Vi må satse på kulturelle kraftsenter/fyrtårn og få til profesjonalisering og eit godt samspel mellom profesjonelle og frivillige. Fleire framheva behovet for livsløpstenking: Vi må utvikle kulturytarar og -brukarar frå dei er barn, m.a. satse på praktisk-estetiske fag i skulen og i kulturskulane. Det vart understreka at når vi går mot ei regionreform er det ekstra viktig å kartleggje og prioritere, å vere klar over kvar vi står og kva vi vil.

I samband med planarbeidet er det henta inn opplysningar frå fagpersonar i fylket på ein del kulturområde, med spørsmål om kva politiske og faglege føringar som gjeld for deira felt, og om kva dei ser som utfordringar og utviklingsmoglegheiter. Ein del av informasjonen er innarbeidd i planprogrammet under føringar og plantema. I det vidare arbeidet med kunnskapsgrunnlaget vil det vere naturleg å gå meir i djupna i materialet og greie ut meir der det er nødvendig.

5. Mål

5.1 Overordna mål

Styringsgruppa har sett *kultur for alle* som overordna mål for planen. Alle skal ha reelle høve til å delta i og bidra til kulturaktivitetar og arbeid og utvikling på kulturfeltet, og alle skal ha tilgang til kulturopplevingar av høg kvalitet. Målet er i samsvar med kulturlova, §1, som slår fast «offentlege styresmaktens ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk». Kulturlova definerer kulturverksemd slik:

- å skape, produsere, utøve, formidle og distribuere kunst- og andre kulturuttrykk,
- å verne om, fremje innsikt i og vidareføre kulturarv,
- å delta i kulturaktivitet
- å utvikle kulturfagleg kunnskap og kompetanse

Definisjonen vert lagt til grunn for arbeidet med kulturplanen. Inkludert i omgrepet er fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

5.2 Hovudmål

To hovudmål er definerte av styringsgruppa:

- Kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn.
- Fylket skal ha regionale, nasjonale og internasjonale kraftsenter/fyrtårn.

5.2.1 Kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn.

Gode lokalsamfunn handlar om det gode liv i og mellom husa – for alle innbyggjarane i kommunane. Gjennom planen skal vi leggje til rette for at kultur kan vere ei aktiv kraft i samfunnsutviklinga. Målet er å skape ein godt fungerande kulturell infrastruktur, der institusjonar, organisasjonar og private aktørar har gode utviklingsmoglegheiter, og der nettverk på tvers, dialog og møteplassar bidreg til mangfald og motverkar utanforskap. Innbyggjarane i fylket skal få oppleve kulturelle verdiar i eige heimemiljø, både gjennom kulturell eigenaktivitet og gjennom kulturelle verdiar skapte av andre.

5.2.2 Fylket skal ha regionale, nasjonale og internasjonale kraftsenter/fyrtårn.

Sogn og Fjordane har fagmiljø, institusjonar, arrangørar, private aktørar, landskapsområde m.m. som har nasjonal og internasjonal verdi. Desse er kulturelle kraftsenter eller fyrtårn som gir ringverknader langt utover eige nærområde. Det er potensial for å utvikle desse vidare, og for at inspirasjon og kunnskapsspreiing frå eksisterande miljø kan stimulere til nyskaping i større grad. Målet er å vidareutvikle regionale, nasjonale og internasjonale kraftsenter/fyrtårn og å arbeide for å få etablert nye.

6. Plantema

I første fase av planprosessen er det teke utgangspunkt i spørsmålet om kva rolle kulturfeltet skal spele i samfunnsutviklinga. Det er naturleg å sjå kultur i samheng med samfunnsområde som arbeidsmarknad, bustadmønster, kommunikasjonar og rekreasjon. Kultur har betydning for personleg vekst og for livskvalitet, trivsel og fellesskapsoppleving i eit lokalsamfunn.

Kulturområdet femner om ei rekkje tema, som kulturarv og museum, bibliotek, språk og litteratur, arkiv, kunstproduksjon, kulturformidling, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, kultur og folkehelse, frivillig arbeid, verdiskaping og kulturell og kreativ næring. Dei ulike kulturområda og kulturuttrykka

vil bli sette i samanheng i planarbeidet. Med ei slik tverrfagleg tilnærming kan vi leite etter nye høve til utvikling og undersøkje korleis kulturuttrykka kan utfylle kvarandre og støtte opp om dei tema som skal prioriterast i planen. Dette perspektivet kan gjere oss betre i stand til samordne innsatsen på kulturfeltet og til å kanalisere ressursar mot dei prioriterte områda. Innspela frå partnerskapen, gjennom administrativ styringsgruppe, dialogmøte, arbeidsgrupper, fagsamlingar og høyringar, vil ha stor innverknad på val av strategiar og prioriteringar.

Planutvalet la i møtet 3. mai 2017 Arbeidsdokument 1 om regional plan for kultur (sak 2/17) til grunn at det gjennom planarbeidet skal veljast ut eit avgrensa tal plantema. Planen skal altså ikkje omhandle alle kulturtema, men konsentrere seg om nokre utvalde.

Det blir foreslått to hovudtema for planen:

- Kulturelle ressursar og verdiskaping
- Deltaking og oppleving

Dei to temaa skal kvar på sin måte bidra til å oppfylle måla.

6.1 Kulturelle ressursar og verdiskaping

Omgrepet kulturelle ressursar femnar både om immaterielle ressursar, som identitet, tilhøyre, samhörigheit og omdøme, og konkrete ressursar i form av kommunane sine kulturtilbod, kulturinstitusjonane, dei frivillige organisasjonane, arrangørar, kulturbygg og private aktørar på kulturfeltet. Kulturelle ressursar finn vi altså både i frivillig, offentleg eller privat sektor. Digitalt materiale er ein viktig del av dei samla ressursane.

Dei kulturelle ressursane utgjer infrastrukturen på kulturområdet. I omgrepet berekraftige lokalsamfunn kan vi tenkje oss inn fire dimensjonar: ein økonomisk, ein sosial, ein miljødimensjon og ein kulturell. I den kulturelle dimensjonen ligg kulturell infrastruktur og verdiskapinga som skjer med utgangspunkt i denne.

Omgrepet verdiskaping kan definerast slik: «*Verdiskaping som omgrep skil ikkje på om produksjon er organisert offentleg eller privat. Det er såleis ikkje slik at det private arbeidslivet skaper og det offentlege forbrukar; opplæring er t.d. like skapande om arbeidet skjer i offentleg eller privat regi. Verdiskaping er rett og slett å produsere noko som er nyttig, enten i seg sjølv eller fordi godet skal brukast vidare i ein annan samanheng. Verdiskaping skaper direkte eller indirekte velferd*» (frå verdiskapingsplanen, planprogrammet, s. 6). Overført til kulturfeltet opnar definisjonen for å sjå alle kulturelle ressursar og verdiskapinga dei genererer i samanheng, anten det er snakk om ressursar i frivillig, offentleg eller privat sektor.

Ein sentral del av arbeidet med kulturplanen vil vere å kartleggje kva vi har av kulturelle ressursar i Sogn og Fjordane, og å sjå på korleis desse kan nyttast i vidare utvikling innan dei tema vi vel å handsame i planen. Vi må analysere kva vi er gode på og kor vi har behov for innsats for å styrkje feltet. Målet vil vere å auke verdiskapinga på kulturfeltet, med varierte tilbod og arenaer av høg kvalitet, auka deltaking og mangfald, og god kompetanse på kultur både blant tilretteleggarar, aktørar og publikum. Det føreset støtte til frivillig sektor, profesjonalisering og nettverksbygging. Dei kulturelle fyrtårna i fylket kan i større grad nyttast som motorar i verdiskapinga på kulturfeltet.

Det blir foreslått fire innsatsområde under Kulturelle ressursar og verdiskaping:

6.1.1 Kulturell infrastruktur

Ei utfordring er å få til ei effektiv utnytting av samla ressursar på kulturfeltet. Vi må skaffe oss oversikt over infrastrukturen og analysere verdikjeda på ulike kulturområde. Det vil gi oss høve til å utforme strategiar for vidare arbeid. Gjennom planarbeidet har det kome fram ønske om nettverk og ordningar som kan gi betre grunnlag for samarbeid på tvers. Det er behov for arenaer der ein kan utveksle erfaringar og finne fram til fellesløyningar. Fleire har peika på at det må leggest betre til rette for kunnskapsspreiing og eit godt samspel mellom profesjonelle, frivillige og private aktørar. Det manglar mellom anna formelle møtepunkt mellom institusjonane/arrangørane og kommunane, og mellom institusjonane/arrangørane og reiselivsnettverka.

Lokalsamfunna må ha møteplassar som gir rom for variert aktivitet og mangfald. Kulturskular, bibliotek, grendahus/ungdomshus, idrettsarenaer, friluftsområde og frivillige organisasjonar finst i alle kommunane. Dette er arenaer for oppleving og læring, grunnleggande for oppøving av evne til kritisk tenking, samfunnsengasjement og deltaking i demokratiske prosessar. Vi må drøfte korleis vi kan vidareutvikle dei lokale møteplassane meir systematisk, slik at vi sikrar varierte aktivitetar tilpassa mange ulike brukargrupper.

Digitaliseringa gir store moglegheiter, men krev samstundes stadig nye løysingar for sikring og formidling av materiale. Fylket har omfattande digitale ressursar, og brukarar har gjennom arkiv, bibliotek og museum tilgjenge til enorme mengder lokalhistoriske kjelder, gjenstandsdata, litteratur, film, musikk og aviser og tidsskrift frå heile verda. Digital kunst- og kulturformidling vil vere eit stadig viktigare supplement til den direkte formidlinga i institusjonane og kommunane. Digitaliseringa stiller nye krav til kompetanse både hos produsentar, formidlarar og publikum.

For å nå det overordna målet om kultur for alle må kulturplanen også ha med seg problemstillingar knytte til universell utforming av digitale ressursar, formidlingskanalar og nettsider.

Som utviklarar og bestillarar kan fylkeskommunen og kommunane bidra til at ressursar vert digitalt tilgjengelege på nynorsk i aukande grad.

6.1.2 Kulturarven

Kulturarven vår er grunnleggande for utvikling av identitet og tilhøyre, og representerer såleis sentrale verdiar som vi må ha med oss når vi arbeider for fellesskap og trivsel i lokalsamfunna. Inspirasjon frå materiell og immateriell kulturarv ligg bak mykje av den skapande verksemda og formidlinga som skjer i fylket.

Språk er ein viktig del av den immaterielle kulturarven. Nynorsk som bruksspråk er under press, og det er behov for målretta satsing, særleg overfor barn og unge. Her har biblioteka, kulturskulane, DKS, teater, musea m.fl. ei viktig oppgåve. Nynorsksatsinga må inngå som ein integrert del av alt arbeid vi gjer innan kultur.

Tradisjonsmusikken og -dansen er òg sentrale uttrykk innan immateriell kulturarv. Dette er unike kulturelle uttrykk for vår region som krev ei medveten satsing på undervising, rekruttering, dokumentasjon, og der vi må vurdere korleis vi kan støtte opp om profesjonelle musikarar og formidlingsstader. Andre døme er handlingsboren kunnskap og handverkstradisjonar, stadnamn, segner og eventyr.

Dei fysiske kulturminna og museumssamlingane utgjer den materielle kulturarven. Gjennom planprosessen må vi sjå på spørsmål knytte til forvaltning, formidling og utvikling av kulturminna. Verdiskaping på kulturminneområdet skjer m.a. gjennom kunnskapsbygging, forskning og utvikling av

lokalt næringsliv og reiseliv. Spørsmål om sårbarheit og berekraft er sentrale, og vern gjennom bruk er eit sentralt prinsipp. Utviklinga må vere på kulturminna sine premisar.

Det er behov for å utarbeide ei oversikt over kulturminne av regional verdi. Dette er viktig for kommunane i fylket, då det er dei som har eit særleg ansvar for å sikre desse verdiane i samfunn- og arealplanlegginga. Det blir no utarbeidd kulturminneplanar i dei fleste kommunane i fylket. Med utgangspunkt i desse og den kunnskapen fylkeskommunen har om dei regionale kulturminneverdiane, er det ynskjeleg å få utarbeidd ei liste med oversikt over kulturminne av regional verdi i fylket. Kulturhistorisk viktige landskap vil også få ein plass i dette arbeidet.

Kulturplanen vil leggje til grunn at naturarven er ein del av kulturarven. Landskapet i fylket er i stor grad eit kulturlandskap. Gjennom friluftslivet vidarefører vi eldre tradisjonar, kunnskap om å ferdast ute på ein trygg måte og om korleis ein kan hauste av naturen. Skjøtsel av tradisjonelt haustingslandskap og rydding av ferdsleveggar og stiar er viktig for å kunne nytte natur og kulturlandskap. Ny teknologi gir nye høve for formidling av både natur- og kulturverdiar.

6.1.3 Kunstproduksjon og formidling

Produksjon og formidling av kunst og kultur skjer i offentleg, frivillig og privat regi, på ei rekkje ulike arenaer og med mange involverte. Dette er eit mangfaldig område, der vi har institusjonar som er sterke på programmering og formidling kvar for seg, men med lite koordinering og samarbeid på tvers. Det er ei utfordring for kommunane å leggje til rette for dei mange aktørane.

Innsatsområdet vil mellom anna dreie seg om kunstproduksjon og formidling i regi av «det frie feltet», det vil seie kunstnarar, produsentar, arrangørar og andre foretak/bedrifter innan kulturell og kreativ næring. Relevante spørsmål under dette punktet vil vere kva verkemiddel kommunane og fylket samla bør rå over, til dømes i form av kompetanse, fagleg støtteapparat, eignelege lokale og ressursar elles.

Produksjon og formidling i regi av kommunane sjølve, institusjonane og organisasjonane vil òg bli handsama under punktet kulturell infrastruktur, men det vil her vere naturleg å sjå samla på samarbeid, nettverksbygging og profesjonalisering uavhengig av om aktiviteten er i offentleg eller privat regi. Det vidare arbeidet vil avklare kvar dei ulike utfordringane høyrer heime.

6.1.4 Kulturelle kraftsenter/fyrtårn

I Sogn og Fjordane har vi verdsarvområde, festivalar, institusjonar, kulturbedrifter og andre fagmiljø som fungerer som kulturelle kraftsenter eller fyrtårn. Desse har ringverknader lokalt og regionalt, og fleire har òg betydning i nasjonal og internasjonal samanheng. Fyrtårna gir nye arenaer for oppleving og kunnskapsbygging, fleire dimensjonar til samfunnsdebatten og verdiskaping på mange ulike område. Det er behov for å få ei oversikt over miljøa som kan fungere som kulturelle kraftsenter og å undersøkje korleis vi kan leggje til rette for vidare utvikling og inspirere til nye satsingar.

6.2 Deltaking og oppleving

Målet er eit samfunn der alle som bur her kjenner seg heime og som er attraktivt for folk å flytte til. Det betyr at vi må lukkast med å leggje til rette for fellesskap og mangfald. Det som i «Kulturutredningen 2014» vart definert som den kulturelle grunnmuren, t.d. kulturskulane, biblioteka og frivillig sektor, er grunnleggande for deltaking og oppleving i lokalsamfunnet. Dei representerer lågterskeltilbod som kan gi reell moglegheit for å oppnå målet om kultur for alle. Like viktig er lokale kulturarenaer som grendahus, ungdomshus, idrettsarenaer og friluftsanlegg.

Frivillig sektor er avgjerande for å oppretthalde og utvikle gode kulturtilbod i kommunane, og såleis for å sikre høve til deltaking og oppleving. Organisasjonane og lokale eldsjeler gjer ein stor innsats i lokalsamfunna. Ei utfordring er at det er problem med å rekruttere leiarar og tillitsvalde. Det frivillige

kulturlivet vil ha stor nytte av samarbeid med profesjonelle utøvarar til leiing og undervisning. Vi må finne ut korleis vi kan rekruttere profesjonelle krefter og leggje til rette for eit godt samspel mellom profesjonelle og frivillig sektor. Faglege nettverk kan profesjonalisere feltet og støtte opp om dei som yter frivillig innsats.

Grunnleggande er også etablering av opne møteplassar og å skape klima for og kompetanse i å delta i den offentlege samtalen. Det handlar om å definere kva som utgjer og stimulerer identitetskjenne og tilhørsle, motverkar utanforskap og skaper grunnlag for at lokalsamfunna våre er opne og inkluderande.

Vi veit at kultur kan ha god innverknad på den einskilde si oppleving av livskvalitet og trivsel. Kulturarbeid må såleis sjåast i samheng med folkehelse og konkrete, helsefremjande tiltak. Her har fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv ei særleg viktig rolle.

For å gi eit tilbod utover det ein kan på lokalt nivå, er kulturinstitusjonane og dei store arrangørane sentrale. Gjennom planprosessen må ha vekt på betydinga av kulturelle kraftsenter i arbeidet for deltaking og oppleving.

Under dette hovudtemaet har vi målgrupper som innfallsvinkel.

Det blir foreslått to innsatsområde under Deltaking og oppleving:

6.2.1 Tidleg engasjement

Barn og unge skal få høve til å delta i kulturaktivitetar frå tidleg alder uavhengig av sosial bakgrunn. Kultur har eit dannelsingsaspekt, det deltakande, engasjerte og reflekterte mennesket er målet. For å oppnå dette, må kulturtilbod gi rom for skapande verksemd, opplevingar og læring, og motivere til kritisk tenking. Barn og unge må få øve opp kompetanse både som skaparar, utøvarar og publikum. Det har blitt peika på behovet for å styrkje dei praktisk-estetiske faga i skulen, og for å leggje betre til rette for tidleg engasjement i kulturskulane, biblioteka, DKS, musea og frivillig sektor. I planprosessen må vi sjå på ressursar, arbeidsformer, samarbeid og fagleg utviklingsarbeid som kan gi rom for å styrkje innsatsen for barn og unge. Idrettsorganisasjonane organiserer svært mange barn og unge. Planen må drøfte korleis vi kan styrkje grunnlaget for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv ytterlegare i kommunane.

6.2.2 Mangfald og fellesskap

Tilnærminga vår vil vere at ulikskap kan vere ein ressurs, og at lokalsamfunna skal ha rom for å nytte ut den einskilde sine erfaringar til å byggje opp under mangfald og fellesskap. Då må kommunane syte for varierte kulturtilbod og inkluderande møteplassar.

Alle kommunane i fylket har no gjort vedtak om å busetje flyktningar. Vi har dessutan eit stort tal arbeidsinnvandrarar i Sogn og Fjordane. Dette gir særlege utfordringar når det gjeld å nå ut til alle innbyggjarane med tilbod.

Vi veit at skal vi nå målet om kultur for alle, må kulturaktivitetar, kulturbygg, idrettsarenaer, naturområde og friluftstilbod vere tilrettelagde for funksjonshemma. Det krev kompetanse og målretta innsats for inkludering i kommunane, institusjonane og organisasjonane.

Ei veksande gruppe eldre i kommunane gir moglegheit for at fleire kan delta i frivillig arbeid, men set samstundes krav til kommunane, institusjonane og organisasjonane om å leggje til rette for denne gruppa. For idretts- og friluftorganisasjonane er det ei særleg utfordring at vaksne fell ut av organisert aktivitet. Det må vere eit mål å få full breidde når det gjeld tilbod og aktivitet.

Spørsmål om økonomiske verkemiddel, informasjonsflyt, kommunikasjonar og universell utforming må drøftast under dette punktet. I planarbeidet må vi ha med oss perspektiv frå folkehelseplanen og arbeidet med kultur og helse i kommunane og fylkeskommunen.

7. Planstruktur

I planstrukturen inngår eitt overordna mål, to hovudmål og to hovudtema som på kvar sin måte skal bidra til å nå måla. Kvar hovudtema har definerte innsatsområde. I den vidare planprosessen vil det bli utforma strategiar og tiltak under innsatsområda.

Vi kan sjå for oss ein slik matrise over mål og plantema:



8. Organisering, medverknad, prosess og framdriftsplan

8.1 Organisering av planarbeidet

Fylkesutvalet er politisk styringsgruppe for regional plan for kultur. Utvalet gjer vedtak om utlegging av planprogram og plan, og tilrår endeleg plan for fylkestinget. Planutvalet er politisk drøftingsgruppe, og Hovudutval for næring og kultur politisk referansegruppe.

Fylkesrådmannen står for overordna administrativ leiing av planprosessen. Arbeidet er organisert som eit prosjekt der vi nyttar tilnærma PLP (prosjektleiingsprosessen) som metode.

Administrativ styringsgruppe er samansett av representantar for forvaltningsnivå, institusjonar og organisasjonar som regional plan for kultur vil ha betydning for, og som difor skal ha ei sentral rolle i utforminga av planen: kommunane, kulturinstitusjonane, frivillig sektor og Ungdomspolitisk utval. Medlemer i gruppa Terje Heggheim, Gerd Fløde Bjørlo, Anita Nordheim, Åge Avedal, Hilde Bjørkum, Njål Hopen Eliasson og Jan Heggheim (leiar).

Arbeidsgrupper på ulike tema kan opprettast når val av tema er avklara i vedteke planprogram.

8.2 Medverknad

Plan- og bygningslova sine reglar om medverknad er lagde til grunn for planprosessen, og innspel og høyringar vert førebudde og gjennomførde i samsvar med desse. Kommunane, institusjonane, organisasjonane og andre aktørar vert inviterte til å spele inn problemstillingar og spørsmål som dei meiner er viktige å drøfte.

Medverknad vert sikra m. a. gjennom administrativ styringsgruppe, arbeidsgrupper, fagsamlingar og seminar, dialogmøte, konferansar og høyringar. Det er oppretta ei eiga nettside der vi orienterer fortløpande og inviterer til innspel i prosessen. To høyringar vert gjennomførde, éi etter utlegging av planprogrammet og éi av sjølve planen.

I prosessen vil vi leggje vekt på å involvere representantar ikkje berre frå administrativt nivå i kommunane, men også frå politikarane. Statleg nivå vert invitert inn mellom anna i samband med avtalt møte med departementet om den nye stortingsmeldinga om kultur.

Det blir òg viktig å få innspel frå høgskulen og andre aktuelle FoU-miljø der det er naturleg.

Arbeidsgrupper kan etablerast under fleire av innsatsområda. Vi vil leggje vekt på å hente inn eksterne partar som har kompetanse og oppgåver innan dei ulike fagområda, og som kan bidra fagleg i prosessen.

8.3 Prosess og framdriftsplan

Planutvalet la i møte 3. mai 2017 framdriftsplan for arbeidet (sak 2/17). Første fase har vore organisering og start av planprosessen, deriblant ein innleiande analyse av kva vi har behov for av kunnskapsgrunnlag. 27. september 2017 legg fylkesutvalet planprogrammet ut på høyring, og etter høyring og vidare handsaming skal endeleg planprogram vere klart til vedtak i fylkesutvalet i januar 2018. I løpet av våren 2018 skal kunnskapsgrunnlaget og sjølve planutkastet ferdigstillast, slik at fylkesutvalet i mai kan gjere vedtak om å leggje planen ut på høyring. Etter høyring og vidare arbeid skal planen opp igjen i fylkesutvalet i september, og deretter til endeleg handsaming i fylkestinget i oktober 2018.

Det vil bli utarbeidd fireårige handlingsprogram og årlege handlingsplanar til kulturplanen.

8.3.1 Framdriftsplan

År:	2017											2018									
Mnd:	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D	J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	
Avklaring av prosess, organisering, overordna tema, m.m.	■	■																			
Arbeid med kunnskapsgrunnlaget		■	■	■	■	■	■														
Arbeide med utkast til planprogram		■	■	■	■	■	■														
Planutvalet – arbeidsdokument 1/17			■																		
Møte administrativ styringsgruppe				■																	
Dialog-/innspelmøte						■															
Møte i administrativ styringsgruppe							■														
FU – vedtak om å sende planprogram på høyring							■														
Møte administrativ styringsgruppe								■													
Planprogram på høyring.								■	■												
Høyrings-/drøftingsmøte								■	■												
Arbeid med kunnskapsgrunnlaget.								■	■												
FU – endeleg vedtak om planprogram											■										
Arbeid med kunnskapsgrunnlaget											■	■	■	■							
Utarbeide forslag til regional plan for kultur											■	■	■	■							
Møte administrativ styringsgruppe												■									
Møte administrativ styringsgruppe														■							
FU – vedtak om utlegging av forslag til regional plan til offentlig ettersyn															■						
Regional plan på høyring, høyringsmøte															■	■	■	■			
Bearbeide plan etter innspel																			■		
Møte administrativ styringsgruppe																			■		
FU - tilråding til vedtak regional plan																			■		
Vedtak i fylkestinget																				■	

Grøn: «internt» arbeid med planen; blå: høyringar, innspelmøte; oransje: politisk handsaming



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmann
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Lelkanger
Telefon: 57 63 80 00
E-post: post@sfj.no
www.sfj.no

Framsidedfoto:

Barn på biblioteket. Foto: Lene Neverdal
Vindhellavegen. Foto: Åsne Helleve
Konsert Lena Skjerdal. Foto: Birthe J. F. Flinstad
Skulpturar. Foto: Birthe J. F. Flinstad
DKS-konsert i gymsal. Foto: David Zadig
Ungdomar i Kvernsteinsparken. Foto: Lars Opstad